Frå transport av brubjelkar til Teita bru i 2021.

Dei nye brubjelkane kjem med spesialtransport

I samband med bygginga av ny bru på fv. 615 på Solheim i Hyen blir det komande tysdag omfattande aktivitet med lang last på vegen mellom Storebru og Solheim. Trafikantar på strekninga må bu seg på noko ventetid.

Tysdag 17. februar skal brubjelkar fraktast til den nye brua på Solheim. Bjelkane kjem med båt til tømmerkaia i Eikefjorden, og skal transporterast vidare opp til Solheim via rv. 5 og fv. 615. Der skal dei heisast på plass.

Politieskorte

– Det er snakk om bjelkar som er om lag 28 meter lange, og dette blir difor definert som ein spesialtransport. Av omsyn til trafikksikkerheit må den også ha politieskorte, seier prosjektleiar Bjørn Andre Storøy i Vestland fylkeskommune i ei pressemelding.

Transporten vil gå frå morgon til kveld, og trafikantar må rekne med noko redusert framkome og korte stopp langs traséen.

– Vis omsyn

Prosjektleiaren har erfaring frå ein tilsvarande transport under bygginga av nye Teita bru på Byrkjelo i 2021. Då skulle bjelkane transporterast frå kaia på Sandane til Breim.

Oppdraget på fv. 615 blir hakket meir utfordrande.

– Fylkesvegen mellom Storebru og Solheim er smal og svingete. Vi oppmodar alle som ferdast i området om å vise tolmod og ta omsyn til mannskap og trafikkavvikling, seier Storøy.

Milepåle

Arbeidet med brua starta i haust, og bjelketransporten markerer ein sentral milepåle i prosjektet.

– Vegdelen og grunnarbeidet på brua er fullført, og bjelkane er ein viktig del av ferdigstillinga av brua. Innan mai skal den nye brua på Solheim opnast for trafikk, seier prosjektleiaren.

Tidlegare pelsbønder krev nær 60 millionar av staten

Fem pelsbønder frå Rogaland til Trøndelag går til gruppesøksmål mot staten. Dei krev 50–60 millionar kroner i renter for forseinka erstatningsutbetaling.

Stortinget vedtok i juni 2019 å leggje ned pelsdyrnæringa i Noreg innan 2025.

Landbruksdirektoratet har overskride fristen for å utbetale kompensasjon og erstatning til pelsdyrbøndene. Ifølgje NRK har fleire bønder venta over 800 dagar etter at fristen gjekk ut for det endelege oppgjeret.

- Skyv og utset

– Folk har venta på pengar for å komme seg vidare i livet, men staten berre skyv og utset, seier leiar Bertran Trane Skadsem i Norges Pelsdyralslag.

Dei fem bøndene som har stemna Landbruks- og matdepartementet, krev forseinkingsrenter. Søksmålet skal etter planen opp i Oslo tingrett i sommar.

Staten har så langt betalt 1,7 milliardar kroner i erstatning til pelsdyrbønder, men nokre har berre fått eit forskot.

Vil ikkje kommentere saka

Tidlegare landbruksminister Geir Pollestad (Sp) legg skulda på førre regjering.

– Frp, Høgre og Venstre hadde lagt fram altfor dårlege erstatningsordningar. Gjennom fleire rundar vart desse forbetra. Vi kunne vorte ferdige mykje før, men då hadde det vorte mykje dårlegare, seier Pollestad.

Venstres Grunde Almeland kallar utspelet «eit patetisk forsøk frå Pollestad på ansvarsfråskriving».

Landbruks- og matdepartementet ønskjer ikkje å kommentere saka. (©NPK)

Oppdrettsanlegg for mink frå 2010, før næringa vart vedteken nedlagd.

FOTO: ALF OVE HANSEN / NTB / NPK